

## Vedlegg 1

### Veglova § 32 og § 57

#### § 32

Elektrisk eller anna kraftleidning, telegraf- eller telefonleidning, vass-, kloakk- eller annen leidning eller renne av alle slag, løypestreng, taubane eller privat skinnegang eller feste for leidning m.m. som nemnt, må ikke utan særskilt løyve leggast over, under, langs eller nærmere offentlig veg enn 3 meter fra vegkant, målt vassrett. Dersom omsynet til trygg ferdsel, vegvedlikehaldet eller moglig seinare utbetring av vegen tilseier det, kan vegstyremakta for særskilt fastsette strekningar sette ein større avstand, men ikke større enn til byggegrensa for vedkomande veg. Desse reglane gjeld også dersom det i anna lov er gitt høve til å føre leidning eller renne over, under eller langs egedomsområdet for offentlig veg.

Løyve etter første ledd gir Statens vegvesen for riksvegar og fylkesvegar, og kommunen for kommunale vinar.

Departementet gir nærmere føresegner om utgiftsdeling og sakshandsaming i samband med løyve etter denne paragrafen og § 30.

Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (i kraft. hhv. 1 apr 1996 og 1 juli 1996).

#### § 57

Det er forbode å skade offentleg veg eller å skade eller ta bort innretning som hører til offentleg veg.

På egedomsområdet til offentleg veg er det forbode utan løyve frå vegstyremakta :

1. å grave, spreng, ta bort massar, hogge tre eller gjere anna inngrep,
2. å sette reklameinnretning eller anna innretning, å legge tømmer, ved, stein, torv, byggemateriale eller anna på annan stad enn der det er laga særskilt offentleg opplagsplass til slik bruk.
3. å kaste eller legge søppel, ugras e.l. eller å leide inn kloakkvatn eller dreensvatn.

Heilt nær offentleg veg er det utan løyve av vegstyremakta forbode å legge søppel e.l. på ein slik måte at det kan verke skjemmande eller sjenerande for dei vegfarande eller for drifta av vegen.

Det er forbode å la dyr beite på inngjerda offentlig veg eller å tjore dyr slik at dei kan kome inn på egedomsområdet til offentlig veg.

Endra med lov 1 mars 1996 nr. 11 (i kraft 1 juli 1996).

## Søknad om løyve til graving i offentleg veg

## Vedlegg 2.1

Etter vedtekten i Veglova §§ 32 og 57 og forskrifter om varsling av arbeid på offentleg veg vert det hermed søkt om løyve til:

Legging       Utskifting       Reparasjon       Luftspenn

Veg nr.: \_\_\_\_\_ Hp.: \_\_\_\_\_ Km: \_\_\_\_\_ - \_\_\_\_\_

Arbeidsstad: \_\_\_\_\_

Arbeida gjeld:

Vassleidning       Telekabel       Avløpsleidning       Anna: Fiber  
 El-kabel       Gassleidning       TV-kabel

Noverande dekke:

Asfalt       Brostein       Grus       Anna: \_\_\_\_\_

Fra eidegom Gnr.: \_\_\_\_\_ bnr.: \_\_\_\_\_ slik det er vist på vedlagde kart / skisse i målestokk 1: 1000

Arbeidsskildring: Legge fiberkabel dir stader i hen hold til søkerd sond Tidligere

Arbeidet er ønska oppstarta: 25/6-18 og venta avslutta: 31/7-18

Talet på kryssingar: \_\_\_\_\_ stk. Boring:  ja, ved km: \_\_\_\_\_  nei

Lengde på luftspenn/grøft langs veg: \_\_\_\_\_ m fra km: \_\_\_\_\_ til km: \_\_\_\_\_

Som eigar av og oppdragsgjevar/byggherre for anlegget tek eg på meg det ansvaret som "Retningsliner for graving i offentleg veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" pålegg meg og garanterer for ferdigstilling av anlegget utan kostnad for veghalder. Eg godtek dei vilkår for løyvet som går fram av nemnde retningsliner.

Oppdragsgjevar/byggherre: Telenor AS

Adresse: Sharøg veien 30 1360 FORNEBU

Kontaktperson hos oppdragsgjevar/byggherre: Ole Johnny Dalsgård Tlf.: \_\_\_\_\_

Dato: 22/6-18 Underskrift: Ole Johnny Dalsgård

Som entreprenør er eg kjend med dei plikter som gjeld for undersøking på gravestaden. Det er sett kryss for dei type anlegg som finst på staden:

El-kabel       Vassleidning       Signalkabel       Kulturminne  
 Telekabel       Avløpsleidning       Polygonpunkt       Gass  
 TV-kabel       Gassleidning       Grøntanlegg       Anna: \_\_\_\_\_

Nødvendige opplysningar og direktiv om anlegga er innhenta og varsel om graving er gitt.

(kryss av)

Arbeida skal utførast etter "Retningsliner for graving i offentleg veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013" og etter tilvisning av vedrørte parter. Eg godtar dei plikter som arbeid i offentleg veg medfører etter nemnde retningsliner. Godkjend plan for arbeidsvarsling vil liggja føre for arbeidet vert sett i gong. Eg har gyldig ansvarsforsikring i følge retningslinene pkt. 1.6 og 1.7  ja  nei (kryss av)

Entreprenør: K. Amundsen Maskin AS

Adresse: Stamsnæset 42 5252 Søredgrens

Kontaktperson hos entreprenør: Kenneth Amundson Tlf.: \_\_\_\_\_

Dato: 22/6-18 Underskrift: K. amundson

Spesielle vilkår, evt sjå baksida: \_\_\_\_\_

Graveløyve gitt

Graveløyve avslått

den \_\_\_\_\_ / \_\_\_\_\_ 20\_\_\_\_

Kommune / Eining

Underskrift

Askøy, Fjell, Sund, Kvam, Voss, Ulvik, Granvin, Lindås, Austrheim, Meland, Os, Radøy, Gulen



## Vedlegg 2.1

Spesielle vilkår, forts. :

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

### Føresetnader for arbeid i offentleg veg

Det er vedtatt eigne "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013". Desse gjeld for alt arbeid i eller ved offentleg veg. Entreprenør/byggherre kan få reglane ved å vende seg til den einskilde kommune.

#### Ansvarshavande entreprenør

Det skal alltid vere ein ansvarshavande entreprenør (eventuelt offentleg teknisk etat) for graving i offentleg veg.

Den som skal vere ansvarshavande entreprenør for eit anlegg i eller ved offentleg veg skal ha dei nemte retningsliner og full kjennskap til desse. Ved underskrift på søknadsskjema skal entreprenør forplikte seg til å følgje reglane og ta på seg det ansvaret som følgjer med.

Ansvarleg entreprenør har eit særleg ansvar for at det er gjort tilstrekkeleg undersøking om det er andre anlegg i vegen på den staden der det skal gravast. Entreprenøren må ha full oversikt over tilhøva sjølv om andre har gjort undersøkingar. Avkryssing på søknadsskjema skal gjelde som forpliktande erklæring om at tilstrekkelig undersøking er gjort. Manglande avkryssing kan føre til avvist søknad.

Eigenkontroll skal utførast og skjema «*Entreprenøren sin eigenkontroll ved arbeid i offentleg veg*» skal sendast til den einskilde kommune, jf. "Retningslinjer for graving i offentlig veg – NKF nettverksgruppe Veg og trafikk Hordaland, Oktober 2013." Garantitid gjeld tre år frå dato for ferdigsynfaring. Entreprenøren / byggherre er ansvarleg for ferdigstilling.

#### Ansvarshavande eigar (byggherre)

Søknad om graveløyve skal alltid underskrivast av eigar av det aktuelle anlegg (byggherre).

Ved si underskrift skal eigaren (byggherren)

- ta på seg ansvaret for det ferdige anlegg, og for hendingar og skader som anlegget måtte medføre på vegen og tredjemann
- vere garantist for at entreprenøren sine plikter etter reglane blir oppfylt

#### Føresetnader for å ha liggande leidnings- og kabelanlegg i offentlig veg- og gategrunn

Løyvet frå kommunen er gitt mellombels. Leidnings- og kableleigar er plikta til, for eiga rekning, å foreta dei nødvendige endringar med leidnings- eller kabelanlegget – eventuelt fjerne det – dersom kommunen seinare måtte finne det nødvendig.


#### Risiko og ansvar

Mulig ulempe for leidnings- eller kabelanlegget ved kommunen sitt vedlikehalds-, reparasjons- eller utbetringsarbeid er ikkje kommunen sitt ansvar. Kommunen har heller ikkje ansvar for skader/ulemper på leidnings- eller kabelanlegg som følge av trafikkbelastning på vegen




## Vedlegg 3

### Normalprofil




### Fresing og fortanning / utkiling



## Vedlegg 4

### Krav til istandsetting av vegareal etter gravearbeid i offentleg veg/gate

#### Teiknforklaring:



Areal som skal asfalterast

Grøft

#### Fortau

- Opp til 3 m reasfaltering i full breidde.
- Over 3 m reasfaltering etter avtale.

#### Gang-/Sykkelveg

- Reasfalterast i full breidde.

#### Anbefalte asfalttypar/kvalitetar:

Agb 8

Agb 11

Ab 8

Ab 11

Bruk av andre typar/kvalitetar skal avtalast med veghalder.

#### Reasfaltering av hovudveg

- Midt mellom hjulspora ev. til midten av køyrebanen.
- Alle kantar fresast i minimum 50 cm x 5 cm (breidde x høgde)

#### Hovudregel:

Asfaltdekket skal minimum ha same tjuknad og lagvis bestå av dei same asfalkvalitetar lagt i same tjuknad som eksisterande.

Grøft som går over heile hovudvegen. Se vedlegg nr 3.

#### Unntak:

Dersom det ikkje let seg gjere å fastslå eksisterande asfalttypar, skal oppbygginga skje etter *Håndbok 018 – Vegbygging – Statens vegvesen* og dei krav som gjeld for nyanlegg med tilsvarende vegkategori og trafikkmengde

#### Slitelag:

Det skal nyttast Ab-massar med nominell steinstorleik  $\leq 11$  mm og steinmaterialane skal tilfredsstille krav i *Håndbok 018 – Vegbygging – Statens vegvesen*.

